



## MØTEBOK ULLENSVANG FJELLSTYRE

Tidspunkt: Måndag 7. mai 2018 kl. 1745-2000

Stad: Heradshuset i Kinsarvik

**Desse møtte:** Steinar Langesæter, Ragnar Ystanes, Synnøva Sæbø, Hildegunn Espe, Jørund Kvestad

Andre til stades på møtet: Steinar Lund (sekretær)

### Saker til styremøtet:

**UFS 22/18: Meldingar**

**UFS 23/18: Referat frå møte 5. mars 2018**

**UFS 24/18: Retningslinjer for sekretær**

**UFS 25/18: Informasjonsplakat om fjelloppsynet**

**UFS 26/18: Reinsjakta 2018**

**UFS 27/18: Drøftings sak: fjellforvaltning etter endra kommunestruktur**

**UFS 28/18: Orienteringar**

**UFS 29/18: Eventuelt**

Steinar Langesæter/s/    Jørund Kvestad/s/    Hildegunn Espe/s/

Ragnar Ystanes/s/    Synnøva Sæbø/s/

### Kopi til:

Fjellstyremedlemmer

Varamedlemmer

Fjellstyra på Hardangervidda as

Norges Fjellstyresamband

Fjellstyra kring Hardangervidda

Statskog

Odda kommune

Ullevang herad

Hardanger Folkeblad

### Merknad til innkalling og saksliste:

Jørund Kvestad kom med innspel om at det blir sett opp eit fast punkt om orientering om økonomi på sakslista. Styret slutta seg til dette.



## **UFS 22/18: Meldingar**

### **Saksdokument:**

2018.03.12-612.3.Ullensvang fjellstyre-Høyringsvar villreinkvote 2018  
2018.03.12-012.1.2.Ullensvang fjellstyre-Møtebok 5. mars 2018  
2018.03.21-032.Ullensvang herad - Husleige for 2018 for leige av lokale i heradshuset i Ullensvang  
2018.03.31-145.9.Ullensvang fjellstyre-Søknad om gåve frå Sparebankstiftinga Hardanger  
2018.04.11-621.2.Villreinutvalet-Teljingsresultat 17.3.2018  
2018.04.17-621.2-Villreinutvalet-Anbefaling om villreinkvote for Hardangervidda hausten 2018  
2018.04.20-011.8-Statskog-Søknad om deponering av massar i Nibbehøl-magasinet  
2018.04.25-012.0-Fjellstyra på Hardangervidda as - Retningslinjer for sekretær  
2018.04.25-012.0-Fjellstyra på Hardangervidda as - Plakat om overnatting  
2018.04.30-123.Ullensvang fjellstyre-Rekneskap, revisors beretning og årsmelding 2017

### **Saksutgreiing:**

#### **Framlegg til vedtak:**

Inga framlegg til vedtak.

#### **Referat:**

Orientering ved sekretær.

#### **Vedtak (sak UFS 22/18):**

Styret tek meldingane til orientering.

## **UFS 23/18: Referat frå møte 5. mars 2018**

### **Saksdokument:**

- 23-18 Møtebok frå møte i Ullensvang fjellstyre 5. mars

### **Saksutgreiing:**

#### **Framlegg til vedtak:**



Inga framlegg til vedtak.

**Referat:**

Ingen merknad til referatet frå møtet 5. mars 2018.

**Vedtak (sak UFS 23/18):**

Styret godkjenner referatet frå møtet 5. mars 2018.

Samrøystes vedteke.

**UFS 24/18: Retningslinjer for sekretær**

**Saksdokument:**

- 24-18 Fjellstyra på Hardangervidda as - Retningslinjer for sekretær

**Saksutgreiing:**

Tenestene Fjellstyra på Hardangervidda (FH) yter for fjellstyra er regulert gjennom 5-årige samarbeidsavtalar. Av desse framgår det kun om det skal leverast sekretærteneste for fjellstyret. I tråd med styrevedtak 21/17 i Fjellstyra på Hardangervidda as har ei arbeidsgruppe med Vebjørn Håvardrud, Eivind Tokheim, Sveinung Olsnes og Georg Gjøstein laga framlegg til ein standard mal for retningslinjer som regulerer nærare ansvar, myndigheit, oppgåver og fullmakter m.m. mellom sekretariat og fjellstyre.

Retningslinjene som ligg vedlagt saka blei vedteke i sak 07/18 i styremøte for Fjellstyra på Hardangervidda as 6.4.2018. Dagleg leiar i Fjellstyra på Hardangervidda as ber om at fjellstyra tek retningslinjene opp til handsaming slik at dei kan koma som eit tillegg til dei 5-årige samarbeidsavtalene som blei revidert i 2017.

**Framlegg til vedtak:**

Inga framlegg til vedtak.

**Referat:**

Saka blei kort diskutert. Det var ingen merknadar til retningslinjene for sekretær.



**Vedtak (sak UFS 24/18):**

Ullensvang fjellstyre godkjenner framlagde retningslinjer for sekretær.

Samrøystes vedteke.

**UFS 25/18: Informasjonsplakat om fjelloppsynet**

**Saksdokument:**

- 25-18 Informasjonsplakat om fjelloppsynet

**Saksutgreiing:**

På styremøte i Fjellstyra på Hardangervidda as kom dagleg leiar med framlegg om at det vert hengt opp ein plakat på fjellstyrehyttene som kort fortel litt om fjelloppsynet og samstundes gjer greie for at dei tilsette nyttar fjellstyrehyttene til overnatting. Fjellstyra er bedne om å koma med eventuelle merknadar til teksten innan mai månad.

**Framlegg til vedtak:**

Inga framlegg til vedtak.

**Referat:**

Hildegunn Espe kom med framlegg om at teksten er ok, men at layouten kan gjerast betre, med punktvis oppsett og logo. Styret slutta seg til dette.

**Vedtak (sak UFS 25/18):**

Ullensvang fjellstyre stiller seg bak framlegg til informasjonsplakat med kommentarane nemnt i referatet.

Samrøystes vedteke.



## UFS 26/18: Reinsjakta 2018

### Saksdokument:

### Saksutgreiing:

#### Tiltak for unge fyrstegongsjegerar

Fjellstyret har tidlegare hatt ei ordning der innanbygdsbuande fyrstegongsjegerar 16-18 år får tildelt eit simle-/ungdyrskort inkl. kalv til prisen av fellingsavgifta. I år med så låg kvote at ikkje alle får tildelt kort er dette eit særskilt viktig tiltak. Dersom ein får fleire år etterkvarandre med låg kvote meiner sekretær at fjellstyret bør vurdere å tildele unge jegerar kort også året etter at dei var fyrstegongsjeger (ikkje nødvendigvis gratis/til nedsett pris).

For å gjera administrasjonen av ordninga enklare tilrår sekretær at unge fyrstegongsjegerar ikkje treng å betale fellingsavgifta. Administrasjonen av å krevje inn denne summen er nokså tungvint, og kjem lenge etter at reinsjakta er avslutta. Dersom fjellstyret ynskjer ei viss betaling for kortet kan det fastsetjast ein sum, til dømes 300,- , som blir kravd inn i førekant av jakta.

#### Kortreturordning

Sekretær tilrår å ha ei kortreturordning i år. Med kvote på 1500 vil det bli venteliste, og kortreturordning vil gje fleire moglegheit til å koma seg på jakt.

Sekretær tilrår fyljande kortreturordning:

- T.o.m. (ca.) 5. september: 50 % refusjon på innleverte kort
- F.o.m. (ca.) 6. september: 25 % refusjon på innleverte kort
- Selje til full pris t.o.m. ca. 9. september, selje til halv pris etter 10. september
- Føresetnad for refusjon er at fjellstyret får selt korta vidare.

Det blir lagt opp til at sekretær tek seg av kortreturordninga. Kort må leverast inn til fjellstyrekontoret på heradshuset. Samtidig må dei som ynskjer refusjon senda ein e-post med bankkontonummer. Endelege datoar må tilpassast kor tid sekretær er tilgjengeleg på kontoret i reinsjakta, og kan ikkje fastsetjast før tett opp til jakta.

#### Utdeling og anna praktisk rundt jakta

Sekretær tilrår utdeling på biblioteket på Åkre og på heradshuset som tidlegare år. Særskild viktig så lenge det skal takast cwd-prøvar, då det vil bli dyr frakt dersom korta skal sendast i posten. Datoar kan fastsetjast på eit seinare tidspunkt.

Ynskjer fjellstyret at jegerane skal få utdelt bladet «Villreinen» gratis med korta, slik som tidlegare?

**Framlegg til vedtak:**

Inga framlegg til vedtak

**Referat:**Tiltak for unge fyrstegongsjegerar

Styret var einige om at dette skal gjelde for fyrstegongsjegerar det året dei fyller 16, 17 eller 18 år. Det blei diskutert om dei skal tildelast kort på fritt dyr eller simle/ungdyr. Steinar Langesæter kom med framlegg om at dei skal tildelast kort på simle/ungdyr, medan Hildegunn Espe kom med framlegg om at dei skal tildelast kort på fritt dyr. Ved avstemming fekk framlegget frå Hildegunn Espe om kort på fritt dyr tre stemmer (Hildegunn Espe, Synnøva Sæbø og Jørund Kvestad, og blei vedteke.

Det var semje i styret om at fyrstegongsjegerane betalar 300,- for dette kortet.

Kortreturordning

Styret stilte seg bak sekretæren si tilråding til kortreturordning, med eit tillegg om at kort som blir returnert berre skal seljast vidare til innanbygdsbuande jegerar. Dette med bakgrunn i at ein ikkje bør legge opp til fleire jegerar i fjellet sidan stamma er svært låg, og ein difor ikkje ynskjer for stor avskyting.

Utdeling og anna praktisk rundt jakta

Semje i styret om å ha utdeling på biblioteket på Åkre og heradshuset som tidlegare. Dato for utdeling blir fastsett seinare. Bladet «Villreinen» blir kjøpt inn i 100 eksemplar, og levert ut med korta.

**Vedtak (sak UFS 26/18):**Tiltak for unge fyrstegongsjegerar

Ullensvang fjellstyre tildeler fyrstegongsjegerar som fyller 16, 17 eller 18 år i løpet av året eit kort på fritt dyr kvar. Fyrstegongsjegerane skal betale 300,- for kortet.

Kortreturordning

Ullensvang fjellstyre har fyljande kortreturordning i 2018:

- T.o.m. (ca.) 5. september: 50 % refusjon på innleverte kort
- F.o.m. (ca.) 6. september: 25 % refusjon på innleverte kort
- Selje til full pris t.o.m. ca. 9. september, selje til halv pris etter 10. september
- Føresetnad for refusjon er at fjellstyret får selt korta vidare.



- Kort som blir returnert skal berre seljast vidare til innanbygdsbuande jegerar  
Endelege datoar blir fastsett av sekretær før jakta.

#### Utdeling og anna praktisk rundt jakta

Det blir kortutdeling på biblioteket på Åkre og heradshuset som tidlegare år. Dato for utdeling blir fastsett seinare.

Bladet «Villreinen» blir kjøpt inn i 100 eksemplar, og levert ut med korta.

### **UFS 27/18: Drøftings sak: fjellforvaltning etter endra kommunestruktur**

#### **Saksdokument:**

#### **Saksutgreiing:**

Orientering ved Steinar Langesæter og Ragnar Ystanes.

#### **Framlegg til vedtak:**

Inga framlegg til vedtak.

#### **Referat:**

Steinar Langesæter viste til at fjellstyra har tatt initiativ til oppretting av ei arbeidsgruppe. Det blei vald to representantar frå kvart fjellstyre (på møte i Ullensvang fjellstyre 13. november 2017, og møte i Odda fjellstyre 10. januar 2018). Sidan den gong har ikkje fjellstyra fått informasjon om at det har vore utvikling i saka. Det kom fram på møtet at det er lagt opp til at det skal dannast ei undergruppe der fjellforvaltninga skal handsamast. Det er enno tidleg i prosessen med arbeidsgrupper, noko som forklarar manglande framgang i saka. Det blei nemnt at gruppa der undergruppa om fjellforvaltning er tenkt skal ligge under, ikkje nødvendigvis er klar over behovet for denne undergruppa. Jørund Kvestad kom med innspel om at dei to fjellstyra sender eit felles skriv til prosjektleiar med oppmoding om at fjellstyra får møte gruppa «Næring, samfunn og eigedom» 22. mai. Sekretær tek dette opp med Odda fjellstyre.

Konsekvensane av kommunesamanslåing og eit eventuelt nytt felles fjellstyre for Ullensvang statsallmenning blei diskutert. Det er fleire sider ved saka som bør drøftast. Til dømes samansetninga av eit eventuelt nytt fjellstyre, handsaming av eigedomane til dei to fjellstyra og ei avklaring av handsaming av rettar etter fjellova i eit eventuelt nytt felles fjellstyre.

**Vedtak (sak UFS 27/18):**

Sekretær tek opp med Odda fjellstyre ynsket frå Ullensvang fjellstyre om at det skal sendast eit felles skriv frå dei to fjellstyra til prosjektleiar med oppmoding om at det blir danna ei undergruppe under gruppa «Næring, samfunn og eigedom», og at fjellstyra ynskjer å møte gruppa 22. mai.

Samrøystes vedteke.

**UFS 28/18: Orienteringar****Saksdokument:****Saksutgreiing:**

Orientering om status for bygging av naustet ved Nedsta Krokavatet, ny do på Hansbu, økonomi med meir.

**Framlegg til vedtak:****Referat:**

Ragnar Ystanes orienterte om bygging av naustet ved Nedsta Krokavatnet. Entreprenøren som har fått oppdraget har i løpet av den siste månaden fått inn alt av material, og sett opp tett hus utvendig. Resten av arbeidet er tenkt gjennomført i løpet av sommaren. Det blei drøfta om fjellstyret bør legge opp til ein dugnad i sommar for å gjera siste finishen på hytta. Dette avheng av kor tidleg entreprenør blir ferdig med sitt arbeid. Riving av det gamle naustet blei diskutert. Dette må truleg gjerast til vinteren. Sekretær tek kontakt med forsikringsselskapet om utbetaling av det som står att på forsikringsoppgjeret.

Sekretær orienterte om arbeidet med bygging av ny do på Hansbu. Fjellopsynet har frakta inn material til grunnmuren, og vil byggje grunnmur tidleg i sommar. Resten av bygget vil bli sett opp i løpet av vinteren 2019. Det står att å få på plass ein avtale med dei andre hytteeigarane. Sekretær, Steinar Langesæter og Ragnar Ystanes utarbeidar eit framlegg til avtale som blir sendt ut til resten av styret til drøfting.





Sekretær orienterte kort om økonomien. Utgiftene så langt er stort sett i tråd med budsjettet. Det har vore noko høgare utgifter til solcelleanlegg og material til grunnmur til do på Hansbu enn budsjettet.

### **Vedtak (sak UFS 27/18):**

Styret tek meldingane til orientering, med dei merknadane som er nemnt i referatet.

Samrøystes vedteke.

### **UFS 29/18: Eventuelt**

Steinar Langesæter orienterte om at det for nokre veker sidan kom ein førespurnad frå Nå Musikklag om fjellstyret kunne bidra med ein premie til basar. Førespurnaden kom tett opptil basaren, og det blei ikkje tid til å drøfta dette i fjellstyret. Tidlegare har musikkлага på kvar side av fjorden fått eit reinskort. Dette er uaktuelt i år. Steinar Langesæter gav musikklaget tilbakemelding om at fjellstyret bidrar med opphald for ein person på ei fjellstyrehytte i ei veke, og vekeskort stongfiske for ein person. Den som vinn premien må kjøpe overnatting og stongfiskekort på Inatur, og få refundert summen i etterkant.

### **Vedtak (sak UFS 29/18):**

Styret tek dette til orientering.

Samrøystes vedteke.

### **Saker til Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning:**

Sakslista til møtet i Fellesstyret 15. mai er ikkje klar når innkallinga blir sendt ut.

Aktuelle saker til dette møtet er:

- Reguleringar i reinsjakta
  - Telting
  - Jaktlag
  - Nattefreding
- Klage på avslag på søknad om garnløyve



Det blei ikkje tid til å gå gjennom sakene til møtet i Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning.